

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset, møterom 2. etg
Dato: 19.01.2026
Tid: Kl. 09:00 - 12:00

Følgjande medlem møtte

David Charles Matheson
Ole Andrè Klausen
Åse Karin Helle Loftheim
Kjell Kristian Carlsen
Tormod Selvik
Gaute Losnegård
Anja Grov Johnsen

Parti

AP
H
H
SP
SP
SV
UAVH

Merknader:

Gaute Losnegård deltok digitalt

Ordførar orienterte om skriv/høyringsvar til Helse Førde sitt framlegg om innsparingar innan prehospitala tenester.

Møteleiar: Ole Andrè Klausen
Møtesekretær: Martin Kamprud Lundgård

Underskrifter:

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av protokoll
003/26	Delegasjonssaker
004/26	Referatsaker
005/26	Mellombels forbod mot riving av hus, gbnr. 1/1
006/26	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel til bruksendring av bustadhus til fritidsbustad, gbnr. 66/10
007/26	Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggegrensa langs sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av hall for Selvik Kystfiske på gbnr 98/3
008/26	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for kaiområde i Askvoll sentrum til etablering av ladeinfrastruktur på gbnr 22/40
009/26	Søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av naust, gbnr. 202/68
010/26	Økonomi, innsparing og omstilling formannskap 19.01.26

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre

002/26: Godkjenning av protokoll

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 002/26 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik den ligg føre

003/26: Delegasjonssaker

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 003/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

004/26: Referatsaker

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 004/26 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

005/26: Mellombels forbod mot riving av hus, gbnr. 1/1

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 13-1 vert det lagt ned mellombels forbod mot riving av våningshuset på gbnr. 1/1. Grunngeving framgår av vurderinga.

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 005/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 13-1 vert det lagt ned mellombels forbod mot riving av våningshuset på gbnr. 1/1. Grunngeving framgår av vurderinga.

006/26: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel til bruksendring av bustadhus til fritidsbustad, gbnr. 66/10

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 19-2 og 21-4 vert det gjeve dispensasjon til bruksendring frå bustadhus til fritidsbustad , som omsøkt.

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 006/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 19-2 og 21-4 vert det gjeve dispensasjon til bruksendring frå bustadhus til fritidsbustad , som omsøkt.

007/26: Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggegrensa langs sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av hall for Selvik Kystfiske på gbnr 98/3

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova vert det ikkje gjeve dispensasjon frå føremålet og byggegrensa langs sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av hall som omsøkt, då vidare utbygging her bør avklarast i samband med pågåande planprosessen med rullering av arealdelen av kommuneplanen.

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Utsettingsframlegg - synfaring , foreslått av Anja Grov Johnsen, UAVH

Saka vert utsett
Det vert halde synfaring i saka i samband med neste møte

Det vart røysta over utsettingsframlegget
Røysting - samrøystes

FOR- 007/26 Vedtak:

Saka vert utsett
Det vert halde synfaring i saka i samband med neste møte

008/26: Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for kaiområde i Askvoll sentrum til etablering av ladeinfrastruktur på gbnr 22/40

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå føremålet i reguleringsplan for kaiområde og byggegrensa mot sjø og fylkesveg til etablering av teknisk bygg for ladeinfrastruktur som omsøkt. Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at:

- ny tilkomst for gods/varelevering som tilfredstiller krava i vegnormalane vert opparbeidd.
- teknisk bygg får utforming i samsvar med føresegnene i reguleringsplan pkt 3.1.2 - 3.1.4.
- det vert utført støyreducerende tiltak i form av lydisolering av det tekniske bygget og kjølecoil i sjø slik at lydnivået på natta ikkje vert høgare enn gjennomsnittlig 45 desibelrett utanfor soverom.

Grunngjeving går fram av vurderinga.

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Utsettingsframlegg , foreslått av Ole André Klausen, H
Saka vert utsett

Det vart røysta over utsettingsframlegget
Røysting - samrøystes

FOR- 008/26 Vedtak:

Saka vert utsett

009/26: Søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av naust, gbnr. 202/68

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av §§ 19-2 og 21-4 i plan- og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå byggegrensa mot sjø jf.pkt. 5.2 a) i føresegnene til kommuneplanens arealdel, til oppføring av naust. Grunngeving går fram av vurderinga.

Vilkår: Det vert ikkje høve til å setje opp gjerde/levegg, platningar eller andre stengslar rundt naustet.

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting - samrøystes

FOR- 009/26 Vedtak:

I medhald av §§ 19-2 og 21-4 i plan- og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå byggegrensa mot sjø jf.pkt. 5.2 a) i føresegnene til kommuneplanens arealdel, til oppføring av naust. Grunngeving går fram av vurderinga.

Vilkår: Det vert ikkje høve til å setje opp gjerde/levegg, platningar eller andre stengslar rundt naustet.

010/26: Økonomi, innsparing og omstilling formannskap 19.01.26

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orientering om økonomi, innsparing og omstilling vert teke til vitande

19.01.2026 Formannskapet

Handsaming:

Framlegg veglys , foreslått av Ole André Klausen, H

Prosess med nedstenging av veglys vert utsett og vurdert i samband med sak om nedlegging av kommunal veg

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg:
Røysting - samrøystes

FOR- 010/26 Vedtak:

Orientering om økonomi, innsparing og omstilling vert teke til vitande

Prosess med nedstenging av veglys vert utsett og vurdert i samband med sak om nedlegging av kommunal veg